



Fitjar kommune  
Postboks 83  
5418 FITJAR

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Astrid Terese Aam,

## Varsel til Fitjar kommune om tilsyn etter barnehagelova § 19 g

Etter barnehagelova, lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (bhl), § 9 andre ledd, har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit. Reglane i [kommunelova kapittel 10 A](#) gjeld for denne tilsynsverksemda.

Fylkesmannen i Vestland skal i 2019 gjennomføre tilsyn med Fitjar kommune som barnehagemyndigheit, og kontrollere at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod jf. [bhl kap. V A § 19 g](#). Tilsynet vert opna med dette varselet.

### Formålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å kontrollere at barnehagemyndigheita sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får individuell tilrettelegging i barnehagen.

Fylkesmannen legg barnekonvensjonen til grunn ved tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit. Barnekonvensjonen går ved motstrid føre norsk lov. Artikkel 3 i konvensjonen er tydeleg på at til beste for barn skal leggst til grunn som eit grunnleggjande omsyn i alle avgjerder som vedkjem barn. Artikkel 23 i konvensjonen seier at eit barn som er psykisk eller fysisk funksjonshemma, bør ha eit fullverdig og anstendig liv under forhold som sikrar verdigheit, fremjar sjølvstende og gjer det lettare for barnet å delta i aktivt samfunn, med dette at barnet får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Barnehagelova § 19 g er med å sikre at artikkel 23 vert realisert.

Tilsynet går ut på å kontrollere om Fitjar kommune følgjer regelverket i barnehagelova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi barnehagemyndigheita sin praksis. Fitjar kommune er valde ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for barnet. Denne risikovurderinga byggjer på følgjande informasjon:

- Vurdering av informasjon som vart gitt i kartlegginga i februar 2019, der det kjem fram at Fitjar kommune manglar informasjon på heimesida, og har ikkje skrive vedtaka etter bhl. § 19 g

### Tema for tilsynet



Hovudtema for tilsynet er bhl. § 19 g *Barn med nedsett funksjonsevne*.

Det er kommunen som etter § 19 g skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen skal skrive vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet, jf. § 19 g andre ledd. Det er kommunen som er økonomisk ansvarleg for tilrettelegginga. For å sikre at plikta om kommunal tilrettelegging blir oppfylt, må forvaltningsrettslege krav vere innfridd, jf. forvaltningslova § 27.

### **Gjennomføringa av tilsynet**

Tilsynet vil bli gjennomført med ei gjennomgang av innsendt dokumentasjon. Fylkesmannen har høve til å følgje opp dokumenttilsynet med eit stadleg tilsyn dersom det er grunn til det.

Dersom vi avdekkjer lovbrøt, vil Fitjar kommune få førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Kommunen vil deretter få ein rimeleg frist til å rette det ulovlege forholdet før vi vedtek eit eventuelt pålegg om retting.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Tilsynsrapporten vil bli publisert på Fylkesmannens nettstad.

Tilsynet vert opna med dette varselet. Førebels tidsplan er:

- 26. august 2019: Frist for å sende dokumentasjon til Fylkesmannen
- 26. august – 23. september: gransking av innsendt dokumentasjon
- Veke 40/41: utsending av førebels rapport ved brot på regelverket eller endeleg rapport utan brot på regelverket

Fylkesmannen tek atterhald om endringar i planen.

### **Pålegg om innsending av dokumentasjon**

Fylkesmannen pålegg med dette Fitjar kommune å sende inn den dokumentasjonen som går fram av dette brevet. Plikta til å sende inn slik informasjon følgjer av kommunelova § 60 c.

Dokumentasjonen som skal sendast inn, kan berre vere unnateken frå det offentlege i den grad dette er heimla i offentleglova. Eventuelle innmeldingar om behov, sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak er unntatt offentlegheit, og skal ikkje sendast som vedlegg, men må sendast med vanleg postgang eller som sikker melding til Fylkesmannen:

<https://www.fylkesmannen.no/nb/Skjemaer-og-tjenester/Melding-til-Fylkesmannen/>

Vi ber om at følgjande blir sendt til Fylkesmannen, saman med ei innhaldsliste:

- Dei tre siste innmeldingane om behov for tilrettelegging i barnehagen etter bhl § 19 g
- Dei tre siste vedtaka etter bhl § 19 g
- Ei skriftleg orientering om kommunen sin rutine og praksis på området, t.d. informasjon til foreldre, innmelding av behov, krav om rapportering frå barnehagane om gjennomføring av vedtak ol.
- Ei kort skriftleg orientering om korleis kommunen informerer om rettane etter bhl. § 19 g
- Ei kort utgreiing om enkelte barnehagar har blitt tildelt ekstra ressursar til arbeid med barn med utvida behov for tilpassing/tilrettelegging, og grunngjevinga for dette, jf. Basil rapporteringa

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 18 flg.



**Frist for innsending av dokumentasjon**

Skriftleg dokumentasjon må sendast Fylkesmannen **innan 26. august 2019**.

Med helsing

Helge Pedersen  
fung. seksjonsleiar

Astrid Terese Aam  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*